



**Jostedalsbreen  
nasjonalpark**


**Postadresse**  
Njøsavegen 2  
6863 Leikanger

**Besøksadresse**  
Rådhuset i Luster  
6868 Gaupne

**Kontakt**  
Sentralbord: +47 57 64 30 00  
Direkte: +47 90 19 24 71  
[toaha@statsforvalteren.no](mailto:toaha@statsforvalteren.no)  
[www.nasjonalparkstyre.no/jostedalsbreen](http://www.nasjonalparkstyre.no/jostedalsbreen)

## Konkurransegrunnlag

**Idéskisser for utforming av innfallsport Briksdalens med utsiktsplass og skiltplan**



**Tilbodsfrist:**

**23.november 2022 kl.13:00**

Tilbod skal sendast på epost til  
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre: [toaha@fylkesmannen.no](mailto:toaha@fylkesmannen.no)



## Innhaltsliste

<b>1 GENERELL SKILDRING .....</b>	<b>3</b>
1.1 Om oppdragsgjever .....	3
1.2 Oppdragsgjever sin kontaktperson .....	3
1.3 Skildring av oppdraget .....	4
1.4 Deltilbod .....	5
1.5 Kontraktsperiode .....	5
1.6 Kontraktsverdi, timepris .....	6
1.7 Oppbygging av konkurransegrunnlaget .....	6
1.8 Kunngjering .....	6
1.9 Viktige datoar .....	6
<b>2 REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN .....</b>	<b>6</b>
2.1 Anskaffingsprosedyre .....	6
2.2 Atterhald og avvik .....	7
2.3 Vedståningsfrist .....	7
2.4 Avlysing av konkurransen og totalforkasting .....	7
<b>3. OBLIGATORISKE DOKUMENTASJONSKRAV .....</b>	<b>7</b>
3.1 Skatteattestar .....	7
3.2 Kvalifikasjonskrav .....	8
<b>4. TILDELINGSKRITERIUM .....</b>	<b>8</b>
<b>5. INNLEVERING AV TILBOD OG TILBODSUTFORMING .....</b>	<b>8</b>
5.1 Innlevering av tilbod .....	8
5.2 Utforming av tilbodet .....	8
5.3 Tilbod og offentleglova .....	9
<b>6. KONTRAKTSMESSIGE TILHØVE .....</b>	<b>9</b>
<b>7. VEDLEGG .....</b>	<b>10</b>



## 1 Generell skildring

### 1.1 Om oppdragsgjevar

Statsforvaltaren i Vestland v/ Jostedalsbreen nasjonalparkstyre er oppdragsgjevar.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre er forvaltningsstyremakt for Jostedalsbreen nasjonalpark.

Oppgåvene til nasjonalparkstyret er:

- Forvalta verneforskrift og anna lovverk
- Skjøtsel og tilrettelegging i verneområda
- Formidla informasjon og kunnskap om verneområda og verneverdiane.

Føremålet med nasjonalparken er:

- Å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.
- Å gje høve til naturoppleveling gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging
- Å verne om kulturminne og kulturlandskap

Jostedalsbreen nasjonalpark har forvaltningsknutepunkt med kontor på rådhuset i Gaupne. Det er tilsett to nasjonalparkforvaltarar som er sekretærar og sakshandsamarar for nasjonalparkstyret, ein har kontorstad i Gaupne og ein på Sandane. Forvaltarane har ansvar for å fylgje opp vedtak fatta av styret, og fylgje opp tiltak i regi av nasjonalparkstyret.

Statens naturopsyn (SNO) er miljøforvaltninga sitt operative feltorgan. SNO sin lokale representant i Jostedalsbreen nasjonalpark vil følgje opp arbeidet underveis.

For nærmere informasjon om vår organisering og verksemd vert det vist til heimesidene våre på [www.nasjonalparkstyre.no](http://www.nasjonalparkstyre.no) og [www.naturopsyn.no](http://www.naturopsyn.no).

### 1.2 Oppdragsgjevar sin kontaktperson

Namn : Nasjonalparkforvaltar Tor Arne Hauge

E-postadresse: [toaha@fylkesmannen.no](mailto:toaha@fylkesmannen.no)

Telefon : 57643133/ 90192471

Eventuelle spørsmål skal rettast til kontaktpersonen per e-post eller telefon.

Det skal ikkje være kontakt/kommunikasjon med andre personar hos oppdragsgjevar enn nemnde kontaktperson, med mindre anna er avtalt.



## 1.3 Skildring av oppdraget

Føremålet med kjøpet er:

1. Å få utforme realistiske idéskisser for tilkomst og utsiktsplass ved Brevatnet i Briksdalen
2. Å lage forslag til enkel plan for skilting og informasjon, i tråd med *Designmanual for Norges nasjonalparker*, fra Briksdalsbre fjellstove og fram til utsiktspunktet ved Brevatnet.

I arbeidet med idéskisser for informasjonspunkt og skiltplan skal det takast utgangspunkt i *Designmanual for Norges nasjonalparker*, som gjev rammer og retning for utforming av innfallsportar til norske nasjonalparkar og andre verneområde.

God tilrettelegging av informasjon vil vere viktig for at tilreisande og andre brukarar av området skal føle seg *Velkommen inn* til området og Jostedalsbreen nasjonalpark. Det vil også vere viktig for å ta vare på den sårbare naturen i og utanfor nasjonalparken.

Briksdalen er ein viktig innfallsport til Jostedalsbreen nasjonalpark. I *Besøksstrategi Jostedalsbreen nasjonalpark 2021-2027* er Briksdalen nemnt som ein innfallsport som bør oppgraderast i løpet av 2023-2024.

Briksdalsbreen har lange tradisjonar som reisemål og har lenge vore blant dei 10 mest besøkte naturattraksjonane i Noreg. Årleg legg om lag 300 000 turistar turen innom Briksdalen, mange av desse er cruiseturistar. Turistrrafikken i Briksdalen har vore, og er framleis svært viktig for Oldedalen og gjev stor verdiskaping i bygda og regionen. Briksdalen er godt tilrettelagd for stort besøk, også når det gjeld informasjon til turistane, men det er rom for utbetringar på nokre punkt. Mellom anna er det ynskjeleg å synleggjere betre at Briksdalen er ein innfallsport til Jostedalsbreen nasjonalpark.

Dei fleste turistane tek turen heilt inn til Brevatnet, der breen tidlegare låg heilt fram i vatnet. På siste del av stien inn mot vatnet er det ofte svært vått, noko som medfører at mange vert våte på beina. Det er også ein del slitasje på endemorenene som vart avsett på 1990-talet, sist breen hadde framstøyt. Vi ynskjer å få utforma idéskisser som viser alternative enkle tiltak som kan betre tilkomsten inn mot Brevatnet og samstundes tek vare på sårbare naturtypar og landskapet.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre ynskjer saman med lokale næringsaktørar å ta i bruk *Designmanualen for Norges nasjonalparker* i Briksdalen. Det er allereie mykje eksisterande skilting og informasjon i Briksdalen. Noko av denne informasjonen kan tilpassast skilttypar som finst i *Designmanualen Norges nasjonalparker*, men ein del av informasjonen vil vere vanskeleg å tilpasse dei eksisterande skiltmalane i designmanualen. Den store mengda turistar, som ofte kjem i store puljer når der er cruiseskip, krev store skilt som er lett synlege for å styre trafikken inn og ut Briksdalen. Vi ynskjer å sjå på mogelegheitene til å få utforma nye skilttypar i tråd med merkevarestrategien som eignar seg på turistmål med svært mykje besøk. Miljødirektoratet si merkevaregruppe vil verte involvert i dette arbeidet.



## Jostedalsbreen nasjonalpark

Vi ynskjer eit forslag til heilskapleg skiltplan for Briksdalen som byggjer på *Designmanualen Norges nasjonalparker*, men som også kan kome med framlegg til skilttypar som i dag ikkje finst i manualen.

For å leggje til rette for utbetringar av innfallsporten Briksdalen ynskjer nasjonalparkstyret å kjøpe arkitekt- /landskapsarkitekttenester for å få hjelp til å utarbeide enkle skisser som viser mogelege løysingar for utbetring av tilkomsten til utsiktsplassen ved Brevatnet.

Vi ynskjer og å få utarbeidd ein enkel skiltplan for Briksdalen, frå Briksdalsbre fjellstove til Brevatnet. Skiltplanen skal innehalde enkle skisser med forslag til plassering og utforming av aktuelle informasjonspunkt på strekningen.

Ei felles synfaring på staden saman med nasjonalparkforvaltar, næringsaktørar i Briksdalen, SNO m.v. ved oppstart av prosjektet inngår som ein viktig del av oppdraget det skal gjevast tilbod på.

Briksdalen er eit område med hardt klima og stor snøskredfare, noko som også må takast omsyn til ved planlegging av ein innfallsporten. Området på nordsida av Brevatnet er registrert i *Naturbase* som *Viktig naturtype* av typen *sørvendte berg og rasmarker, her er lenke til [Faktaark i naturbase](#)*.

Området der utsiktspunktet ved Brevatnet er plassert ligg innanfor nasjonalparken.

Det er utarbeidd ein rapport som skildrar innfallsporten Briksdalen, men den er frå 2014 og mykje er endra sidan den gong, [Briksdalen - en innfallsport til Jostedalsbreen nasjonalpark \(Svaland og Andressen 2014\)](#)

### Vilkår

Oppdragtakar skal bruke eige utstyr ved utføring av oppdraget. Oppdragstakar må syte for nødvendige forsikringar av utstyr og personell.

Oppdragstakar har sjølv ansvar for eiga sikkerheit i samsvar med lov eller i medhald av lov, og følgjer eigne sikkerheitsreglar.

Detaljar for utføring av arbeidet vert avtalt med leverandør under synfaring eller i møte før oppstart av oppdraget.

### 1.4 Deltilbod

Det er ikkje høve til å gje tilbod på berre deler av oppdraget.

### 1.5 Kontraktsperiode

Arbeidet skal utførast i perioden 25.november 2022 – 31. januar 2022.



## 1.6 Kontraktsverdi, timepris

Kjøpet sin totale kontraktsverdi er om lag kr 150 000,- eks.mva.

Tilbod skal utformast med timepris og tal timer tilbydd.

Kostnader til reise- og opphold skal innarbeidast i timepris.

## 1.7 Oppbygging av konkurransegrunnlaget

Konkurransegrunnlaget består av:

- Dette dokumentet
  - Vedlegg
    - Pris- og tilbodsskjema
    - Kart
    - Bilder frå området

## 1.8 Kunngjering

Verdien av anbodet er anslått til å ligge under terskelverdien som er på 1,3 mill. NOK eks.mva., og er friteken frå kunnqieringsplikta.

Oppdragsgjevar vil ta kontakt med minimum tre aktuelle leverandørar for å be om tilbod.

## 1.9 Viktige datoar

Tidsfristar	
Kunngjering – spørsmål om tilbod sendt til tre tilbydarar	17.11.2022
Spørsmålsfrist	21.11.2022 kl. 13:00
Tilbodsfrist	23.11.2022 kl. 13:00
Vedstångsfrist	31.01.2023
Evaluering av tilbod	23.11.2022
Tildeling	24.11.2022
Signering av kontrakt	25.11.2022

Ein gjer merksam på at tidspunkta etter tilbodsfristen er rettleiande. Tilbod som ikkje er mottekne innan tilbodsfristen vil ikkje verte vurdert.

## **2 Reglar for gjennomføring av konkurransen**

## 2.1 Anskaffningsprosedyre

Anbod vert gjennomført i medhald av lov om offentlege anskaffelsar dagsett, 17.juni 2016 (LOA) og forskrift om offentlege anskaffelsar (FOA) FOR 2016-08-12-974, del I.



Vurdert verdi av dette kjøpet er under den nasjonale terskelverdien som er på kr. 1 300 000,- eks.mva., og er friteken kunngjeringsplikta. Konkurransen vert gjennomført etter forskrifta sine alminnelege bstemmelsar (del I) og dei bestemmelsar som følgjer av dette konkurransegrunnlaget. Konkurransen vert gjennomført som ein anbodskonkurranse utan forhandlingar.

Oppdragsgjevar vil kontakte minst 3 tilbydarar for å be om tilbod. Konkurransen vil og verte kunngjort på [www.nasjonalparkstyre.no/jostedalsbreen](http://www.nasjonalparkstyre.no/jostedalsbreen).

Oppdragsgjevar planlegg å tildele kontrakt utan å ha kontakt med leverandørane utover å gjennomføre eventuelle mindre avklaringar/korrigeringar av tilboda. Leverandørane blir oppmoda på det sterke til å følgje dei tilvisingane som er gjeve i dette konkurransegrunnlaget med vedlegg, og eventuelt stille spørsmål om noko er uklårt per e-post til kontaktperson. Dersom leverandøren finn at konkurransegrunnlaget ikkje gjev tilstrekkeleg rettleiing, kan han skriftleg be om tilleggsopplysningar hjå oppdragsgjevar ved oppdragsgjevar sin kontaktperson. Tilleggsinformasjon skal uoppfordra formidlast til andre som melder si interesse for oppdraget, og leggjast ut som tillegg på nettstaden der konkurransegrunnlaget er gjort tilgjengeleg.

## **2.2 Atterhald og avvik**

Dersom leverandøren tek atterhald mot delar av konkurransegrunnlaget/kravspesifikasjon eller andre konkurrancedokument, skal det klart gå fram av tilboden. Atterhalda skal spesifiserast med kva for konsekvensar dette har for yting, pris eller andre forhold. Det same gjeld for avvik.

## **2.3 Vedståingsfrist**

Leverandøren må stå ved tilboden sitt til det tidspunktet som er gjeve i pkt. 1.9 ovanfor.

## **2.4 Avlysing av konkurransen og totalforkasting**

Oppdragsgjevar tek atterhald om rett til å avlyse konkurransen dersom det ligg føre sakleg grunn, for eksempel ved bortfall av planlagt finansiering eller manglende godkjenning frå politisk hald. Oppdragsgjevar kan forkaste alle tilboda dersom resultatet av konkurransen gjev sakleg grunn for det, for eksempel om det blir vurdert at ingen innkomne tilbod møter krava i kravspesifikasjonen.

# **3. Obligatoriske dokumentasjonskrav**

## **3.1 Skatteattestar**

Leverandøren skal ha ordna forhold med omsyn til innbetaling av skatt og meirverdiavgift. Leverandøren skal ha eit fungerande HMS-system. Med tilboden skal det difor leggjast ved:



- skatteattest for betalt skatt og meirverdiavgift (attestane skal ikke vere eldre enn 6 månader rekna frå utløp av tilbodsfristen).

### **3.2 Kvalifikasjonskrav**

Leverandøren skal stadfeste at han er registrert i føretaksregisteret og skal gje opp organisasjonsnummer i tilbodsrevet.

Leverandøren skal vise til kompetanse innan arkitektur og/eller landskapsarkitektur. Leverandøren skal dokumentere god og relevant erfaring frå tilsvarende arbeid.

Med tilboden skal det difor leggjast ved liste over dei 3 mest relevante oppdrag, inkludert opplysningar om verdi, tidspunkt og oppdragsgjevar (kontaktperson for referansesjekk).

## **4. Tildelingskriterium**

Tildeling av kontrakt vil skje på grunnlag av det samla sett mest fordelaktige tilboden, basert på følgjande kriterium (uprioritert rekkefølgje):

- relevant erfaring frå tilsvarende oppdrag
- timeprisar
- referansar

## **5. Innlevering av tilbod og tilbodsutforming**

### **5.1 Innlevering av tilbod**

Tilbod skal leverast pr. e-post til [toaha@statsforvalteren.no](mailto:toaha@statsforvalteren.no) og merkast «Ideskisser for utforming av informasjonspunkt Tungestølen»

### **5.2 Utforming av tilbodet**

Tilboden skal innehalde:

- Datert og signert tilbodsrev med aksept av vilkår i konkurransegrunnlaget
- Utfylt prisskjema med timepris og antal timer tilbydd
- Skatteattest for skatt
- Skatteattest for meirverdiavgift
- Liste over 3 relevante oppdrag, inkludert verdi, tidspunkt og oppdragsgjevar
- CV for personar som er tiltenkt roller ved gjennomføring av oppdraget.

Leverandøren er sjølv ansvarleg for at alle spørsmål, krav og avklaringspunkt vert svart på og dokumentert i tilbodsrevet.



### **5.3 Tilbod og offentleglova**

Oppdragsgjevar gjer merksam på at ålmenta har innsyn i tilbod og protokoll etter lov 19. mai 2006 nr. 16 (offentleglova).

Oppdragsgjevar og hans tilsette pliktar å hindre at andre får tilgang eller kjennskap til opplysninger om tekniske innretninger og framgangsmåtar eller drifts- og forretningsforhold som det, av omsyn til konkurranse, vil vere viktig å halde hemmeleg, jf. FOA §§ 7-3 og 7-4 og jf. forvaltingslova § 13.

Leverandøren skal levere ei ekstra utgåve av tilbodet som kan nyttast ved krav om innsyn. I dette eksemplaret skal leverandøren, dersom aktuelt, sladde det som er vurdert å vere forretningsforhold som det, av omsyn til konkurranse, vil vere viktig å halde hemmeleg. Likevel er oppdragsgjevar pliktet til å gjøre ei eiga vurdering av dokumentet opp mot lovverket ved krav om innsyn.

## **6. Kontraktsmessige tilhøve**

Det vert nytta eige avtaleskjema for kjøp av tenester/avtale om arbeidsoppdrag.

Frå 1. juli 2012 skal alle statlege verksemder krevje elektronisk faktura frå sine leverandørar. «Leverandøren må kunne levere elektronisk faktura til DFØ sitt fakturamottak i elektronisk handelsformat (EHF), fastsatt av Fornyings-, administrasjons- og kirkedepartementet. Leveranse av elektroniske fakturaer skal skje på den av DFØs til enhver tid valgte kommunikasjonsmetode. Ved endring av kommunikasjonsmetode vil leverandøren bli varslet seks måneder før nødvendig endring finner sted.»

Vår elektroniske adresse er organisasjonsnr: 974760665

Faktura skal merkjast med følgjande referanse til prosjektet: «**3850TOAHA**»

Dei som ikkje har høve til å sende elektronisk faktura kan nytte postadresse:

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre  
Statsforvaltaren i Vestland  
Fakturamottak DFØ  
Postboks 4746  
7468 Trondheim



## **7. Vedlegg**

Vedlegg 1: Pris- og tilbodsskjema

Vedlegg 2: Kart

Vedlegg 3: Bilete som viser utsiktsplassen ved Brevatnet

Vedlegg 4: Bilete som viser eksempel på skilting i Briksdalen



**Vedlegg nr 1**

**Pris- og tilbodsskjema –**

**Ideskisser for utforming av innfallsport Briksdalen med utsiktsplass og skiltplan**

**Timepris**

Type arbeid	Tilbydd timetal	Timepris eks mva*
Arkitekt		
Landskapsarkitekt		

\*Eventuelle kostnader til reise og opphold skal bakast inn i timeprisar


**Total ramme kr 150 000,- eks. mva.**




## Jostedalsbreen nasjonalpark

### Vedlegg 2 Kart

#### 2a Oversiktskart Briksdalen



#### 2b Kartskisse med utsiktsplass ved Brevatnet markert





## Jostedalsbreen nasjonalpark


### Vedlegg 3 Bilete som viser utsiktsplassen ved Brevatnet og tilkomsten til denne





## Jostedalsbreen nasjonalpark

### Vedlegg 4 Eksempel på skilting i Briksdalen





## Jostedalsbreen nasjonalpark

### Vedlegg 4 Forts.

